

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Clarion Hotel Energy, Stavanger

MØTETIDSPUNKT: 06.03. 2019, KL. 0830 - 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Katrine Trovik	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Jan Oddvar Gjerde	Observatør

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Bård Humberset, leiar av internrevisjonen
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det presentasjon av Helse Vest IKT AS og arbeidet med IKT regionalt og nasjonalt ved administrerende direktør i Helse Vest IKT, Erik M. Hansen

Sak 017/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Sigurd Hille hadde meldt forfall til styremøtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var 2 nye punkt på AD si orientering:

7. Opplysningar til media om helsetilstanden til pasientar
8. Haraldsplass diakonale sykehus – finansiering

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 018/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 05.02. 2019

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 5. februar 2019.

Sak 019/19 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Styret diskuterte eventuell høyringsuttale til endringar i abortlova.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Vest RHF i møte den 2. oktober 2018, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Toril Østvold

Nestleiar: Oddvin Næsse

Medlem: Hilde Christiansen

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. Wenche Kristin Røkenes, Helse Førde, KTV Helse Vest

2. Bente Pilskog, Helse Bergen, KTV Helse Vest

3. Bjørn Egil Vikse, Helse Fonna, klinikkoverlege

Varamedlemmar:

4. Jan Erik Nilsen, Helse Stavanger

5. Arvid Storegjerde, Helse Fonna, spesialhjelpepleier, klinikktilitsvalgt

6. Britt Heidi Tefre, Helse Bergen, jordmor, HTV

7. Janne Kristine Bethuelsen, Helse Stavanger, KTV Helse Vest

8. Rolf Unneland, Helse Bergen, driftsleder, FTV

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2019, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

6. Utvikling og variasjon i opphald, liggetid og del reinnleggingar for utskrivningsklare pasientar

Rapporten frå Helsedirektoratet - *Utvikling og variasjon i opphald, liggetid og andel reinnleggelser for utskrivningsklare pasienter*, blei gjennomgått i møtet.

7. Opplysningar til media om helsetilstanden til pasientar

Styret blei orientert om grunnlaget for å slutte å gi media opplysningar om tilstanden til pasientar etter ulykker, samt om reaksjonar frå media.

8. Haraldsplass diakonale sykehus – finansiering

Styret blei orientert om dialogen med HDS om finansiering, og støtta tilnærminga om at HDS skal ha same finansiering av aktivitet som Helse Bergen HF.

9. Intensjonsavtale med KS

Styret blei orientert om samarbeidet med KS for å etablere ein intensjonsavtale om samhandling.

Første møte er avholdt, og det var semje om følgjande satsingsområde:

Barn og unge – psykisk helsevern

Digitalisering – kommunikasjon mellom nivåa

Rekruttering og utdanning

Planen er at endeleg intensjonsavtale skal vere på plass i juni.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 020/19 Rapportering frå verksemda per januar 2019

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Januar 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpasienter	0%	0%	1,8% [•]	2,3% [•]	4,1% [!]	1,1% [•]	0,3% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	86 % [•]	86 % [•]	82 % [•]	87 % [•]	94 % [•]
Epikristid PH	100 %	100 %	89 % [•]	81 % [•]	91 % [•]	94 % [•]	93 % [•]
DRG-poeng prosentvis avvik	1,5%	1,5%	15,6% [✓]	-0,6% [!]	29,8% [✓]	1,7% [✓]	-12,7% [!]
Sykefråvær	5,5%	5,5%	6,7% [•]	6,9% [•]	7,1% [!]	6,8% [•]	5,7% [•]

Status Januar 2019	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	3,7% [!]	2,7% [!]	4,3% [!]	3,9% [!]	4,3% [!]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	56	63 [•]	63 [•]	64 [•]	62 [•]	66 [!]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	60	35	40 [•]	49 [!]	41 [!]	32 [✓]	35 [•]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	60	40	44 [•]	44 [•]	43 [•]	48 [!]	30 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	60	30	33 [•]	30 [•]	32 [•]	30 [•]	27 [✓]

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget.

Statusen på helsefaglege indikatorar per januar syner at både utviklinga i gjennomsnittleg ventetid og prosentdelen fristbrot har vore positiv etter sommaren 2018, og samla ventetid var nede på den regionale målsettinga om 58 dagar i desember. Lågare elektiv aktivitet i samband med julehøgtida har dog gitt ei auke i ventetider og fristbrot i januar 2019. Det samla talet korridorpatientar innan somatikken steig til 1,8 % i januar.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Hittil pr. Januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	1 140	682	458
Helse Bergen HF	3 810	9 998	-6 188
Helse Fonna HF	2 653	3 333	-680
Helse Førde HF	2 037	3 000	-963
Helse Stavanger HF	2 974	7 500	-4 526
Reservar/fellestenester/finans	52 247	40 706	11 541
Administrasjon morselskap	906	145	761
Helse Vest IKT AS	2 287	4 315	-2 028
Til saman	68 053	69 679	-1 627

Alle tall i heile tusen

Ventetider

Ventetidsutviklinga per januar 2019 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteområder, låg på 62 dagar, noko som er ei auke på 4 dagar samanlikna med desember. Det er normal sesongvariasjon at ventetida aukar etter fereiaavvikling og i samband med større høgtider. I oppdragsdokumentet er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021.

Samla oppnår ikkje Helse Vest dei regionalt fastsette måla for ventetid, sjølv om enskilde føretak når måla innanfor psykisk helsevern og TSB. I januar gjekk ventetida opp innan alle dei fire fagområda (somatikk, BUP, PHV og TSB).

Fristbrot

Talet på fristbrot låg og høgt i januar. Prosentdelen fristbrot var 4,3 % for Helse Førde og Helse Fonna, 3,9 % i Helse Bergen og 2,7 % i Helse Stavanger, noko som gir 3,5 % samla sett for dei som starta behandling i januar.

Korridorpatientar

Prosentdelen korridorpatientar i somatikken har låge kring 1,3 – 1,4 % gjennom store deler av 2018, men steig til 1,8 % no i januar. Særleg Helse Fonna hadde ein markant vekst i talet korridorpatientar, og ligg høgast av helseføretaka med 4,1 % i januar 2019.

Epikriser

Epikrisetida gjekk litt opp i januar både innan psykisk helsevern og somatikk. Ser ein på utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju virkedagar etter utskriving, så har utviklinga vore rimeleg «flat» over fleire år for alle dei fire helseføretaka, både innan psykisk helsevern og somatikk. Den samla epikrisetida har variert kring 85 % dei siste 15 månadene. Helse Førde og dernest Helse Bergen ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100 % utsendt innan sju dagar.

Sjukefråvær

Per januar 2019 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 6,7 %. Det sjukemeldte fråværet for januar 2019 var på 5,4 %.

Per januar 2019 hadde 59,46 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 61,63 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

7 176 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til februar 2019 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 4 871 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 305 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,26 %. Måltalet er på 89,30 %.

Økonomi og finans

Det samla resultatet i føretaksgruppa er per januar 2019 kr 68,05 mill., kr 1,6 mill. lågare enn budsjett.

Tvang i psykisk helsevern

Dei nasjonale tala viser at Helse Vest har høgast del tvangsinnleggingar med 19,8 prosent i 2. tert. 2018, og Helse Sør-Øst nest høgast med 19,4 prosent, landet totalt 18,3 prosent. Det er ei negativ endring for heile landet sia førre kvartal, delen tvangsinnleggingar har gått noko opp. Når det gjeld tvangsmiddelbruk inne i institusjon viser dei nasjonale tala at Helse Vest og Helse Sør-Øst har høgast del pasientar i døgnbehandling med minst eit tvangsmiddelvedtak med 7,3 prosent i 2. tert. 2018, medan Helse Nord har lågast, med 3,9 prosent. Gjennomsnitt i landet er 6,8 prosent. Dette er ei positiv endring for Helse Vest, som i 2017 hadde 8,5 prosent.

Medieanalyse

For føretaksgruppa Helse Vest er det registrert 2405 artiklar i 4. kvartal 2018 mot 1552 artiklar perioden før. Det er 853 fleire enn i 1. kvartal 2018. Artiklane har ei rekkjevidde på 200,5 millionar potensielle lesarar, lyttarar og sjåarar mot 133,7 millionar for 1. kvartal 2018. Helse Bergen er mest omtalt (56 prosent), deretter Helse Førde (15 prosent) og Helse Stavanger (13 prosent) og Helse Fonna (8 prosent).

For 4. kvartal 2018 er totalt 31 prosent av oppslaga med positiv tendens, 49 prosent er nøytrale og 20 prosent negative. Dette gir ein PR-score på 1,5, mot 2,2 i 3. kvartal.

Helse Vest blir omtala i totalt 175 innlegg på sosiale medium i 4. kvartal 2018. 74 twitter-meldingar og 75 Facebook-innlegg, 13 blogginnlegg og 13 innlegg på Instagram.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2019 til etterretning.

021/19 Prosjektinvesteringar i IKT i Helse Vest 2019

Oppsummering

Helse Vest har i heile perioden frå 2002 og fram til i dag gjennomført betydelege systemanskaffingar med innføring og konsolidering, og etablert felles løysingar som støtte for betre prosessar og auka verdiskaping i verksemdene.

Forslag til budsjett for 2019 frå program og prosjekt er på 415 mill. kroner i investeringsmidlar og 90 mill. kroner i driftsmidlar. I tillegg er det i etterkant signalisert ytterlegare behov innanfor lagring av røntgenbilde på 10 mill. kroner. Budsjettramme er satt til 400 mill. kroner for investeringsmidlar og 80 mill. kroner til driftsmidlar.

Tidlegare år har vist at tilgjengelege økonomiske rammer ikkje fullt ut har vore utnytta, og det er ei forventning om at ein kjem ned til budsjettramma i løpet av året. Det er likevel ein risiko for at det kan bli aktuelt å komme tilbake til styret med eit ytterlegare behov for investeringsmidlar, sjølv om det er satt i verk tiltak for å halde budsjettramme. Helse Vest IKT har derfor signalisert at det er ein risiko for at det kan oppstå et tillegg i finansieringsbehovet på opp mot 25 mill. kroner på investeringar og 10 mill. kroner i driftsmidlar for 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF vedtok ei investeringsramme på 400 mill. kroner for regional IKT prosjektportefølje for 2019.

Sak 022/19 Styringsdokument 2019 til HF-a og Helse Vest IKT

Oppsummering

Det var gjennomført drøfting med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Styringsbodskapen til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom eit samla styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om mellom anna bruk av midlar, og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2019. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemdene, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til helseføretaka.

Helse Vest RHF legg vekt på å følgje opp det som står om *mål og andre* oppgåver for 2019 i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet. Dei tre overordna styringsmåla for 2018 blir vidareført, og Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med tanke på å nå desse måla i 2019:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Styret ønskja å legge til følgjande ny tekst som i punkt 4.1.6 Tiltak innanfor bygg- og eigedomsområdet:

Evaluering av byggeprosjekter

Det er tidlegare stilt krav om at sjukehusbyggprosjekt skal evaluerast. Dei regionale helseføretaka har i 2018 utarbeidd eit felles grunnlag for evaluering av utbyggingsprosjekt. Dokumentet omhandlar hovudområde for evaluering, eksempel på aktuelle evalueringstema samt korleis evaluering kan gjennomførast og følgjast opp.

Helseføretaka skal:

- gjennomføre evaluering i etterkant av alle utbyggingsprosjekt
- nytte utarbeidd grunnlag for evaluering av utbyggingsprosjekt

Styret korrigererte også punkt 4.2.4 Pasient- og brukarrettslova som følgjer:

- Helseføretaka skal sikre at tilsette er godt kjende med pasientrettane, medrekna retten til fritt behandlingsval.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2019 for Helse Bergen HF med dei endringar som blei gjort i møtet.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2019 for Helse Førde HF med dei endringar som blei gjort i møtet.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2019 for Helse Stavanger HF med dei endringar som blei gjort i møtet.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2019 for Helse Fonna HF med dei endringar som blei gjort i møtet.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2019 for Helse Vest IKT AS med dei endringar som blei gjort i møtet.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2019 for Sjukehusapoteka Vest HF med dei endringar som blei gjort i møtet.
7. Styra i helseføretaka/Helse Vest IKT AS må følgje opp budsjetta og dei resultatmåla som er gitt.

Sak 023/19 Årleg melding 2018

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for

arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgt opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

Til årleg melding for seinare år, ønskja styret omtale av dei interne revisjonar som er gjennomført i løpet av året.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente forslaget til årleg melding for 2018, og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tok årleg melding for 2018 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest til orientering.

Sak 024/19Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt eit utval styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Styret viste til Dokument 3:2 (2018–2019) *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper i 2017*, og ønskja ein vurdering av om styreinnskruksen bør justerast for å følgje opp funn i Riksrevisjonen sine undersøkingar.

Administrasjonen kjem tilbake til dette i eit seinare møte.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtek reviderte instruksar for revisjonsutvalet og internrevisjonen.
2. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
 - a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 10. januar 2017
 - b. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF, sist revidert 22. mai 2018
 - c. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
 - d. Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF
 - e. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
 - f. Etiske retningslinjer for Helse Vest
 - g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
 - h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Sak 025/19 Oppnemning av nytt medlem til Revisjonsutvalet

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styrets revisjonsutval. Med bakgrunn i at eit av medlemmene i revisjonsutvalet er gått ut av styret i Helse Vest RHF er det behov for å oppnemne eit nytt medlem til utvalet.

Vedtak (samrøystes)

Styret oppnemnde Bente Pilskog som ny representant til styret sitt revisjonsutval.

Sak 026/19 Rapport frå internrevisjon av BUS 1

Oppsummering

Formålet med internrevisjonen har vore å evaluere i kor stor grad måla som låg til grunn for vedtaket om bygging av første trinn av Barne- og ungdomssjukehuset (BUS 1) er nådd, og kva læringspunkt ein kan hente til framtidige prosjekt i Helse Bergen HF og dei andre føretaka i Helse Vest RHF.

Hovudkonklusjon: Byggherreorganisasjonen har etter internrevisjonen si vurdering hatt god styring med framdrift, økonomi og kvalitet under oppføringa av BUS 1, og har hatt god rapportering av status undervegs i prosjektet. Hovudmåla som låg til grunn for vedtaket er i stor grad innfridd, mellom anna å etablere eit sjukehus som er tilpassa pasientane og som gir mogelegheiter for auka samhandling mellom somatikk og psykiatri. Samstundes som brukarane har vore involvert i heile prosessen, burde det etter internrevisjonen si vurdering likevel ha vore ein betre prosess for dokumentering og oppfølging av tilsette sine innspel i tidleg fase. Betre oppfølging av innspel frå tilsette kunne medført færre endringar knytt til innsyn, lyd, sikkerheit og møblering etter at bygget blei teke i bruk. Internrevisjonen viser at både prosjektkontor og brukarsida har eit forbettringspotensial når det gjeld å sikre naudsynt brukarinvolvering i val av løysingar.

Revisjonsutvalet behandla rapporten 4. februar 2019. Følgjande er tatt inn i protokollen:

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaket sett i verk.

Vidare arbeid

Rapporten er sendt Helse Bergen som var det føretaket som vart revidert denne gongen. Rapporten er òg sendt dei andre føretaka til orientering.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaket set i verk.

Sak 027/19 Administrasjonens oppfølging av internrevisjon av BUS 1

Oppsummering

Internrevisjonen har evaluert i kor stor grad måla som låg til grunn for vedtaket om bygging av første trinn av Barne- og ungdomssjukehuset (BUS 1) er nådd, og kva læringspunkt ein kan hente til framtidige prosjekt i Helse Bergen HF og dei andre føretaka i Helse Vest.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at byggherreorganisasjonen har hatt god styring med framdrift, økonomi og kvalitet under oppfølging av BUS 1, og at det har vore god rapportering av status undervegs i prosjektet.

Hovudmåla som låg til grunn for vedtaket er i stor grad innfridd, men det er peika på forbetningspunkt med omsyn til brukarinvolvering i prosjektet.

Administrerende direktør legg til grunn at internrevisjonens rapport om bygging av første trinn av Barne- og ungdomssjukehuset i Helse Bergen HF blir nytta som del av kunnskapsgrunnlag for framtidige byggeprosjekt i både i Helse Bergen og andre helseføretak i Helse Vest.

Rapporten bør også bli sendt Sjukehusbygg HF slik at den kan bli nytta i Sjukehusbygg sitt arbeid med kunnskapsdeling.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til administrasjonens forslag til oppfølging av internrevisjonen sin rapport om bygging av første trinn av Barne- og ungdomssjukehuset i Helse Bergen HF.

Sak 028/19 Rapport frå internrevisjon av avansert oppgåveplanlegging

Oppsummering

Formålet med revisjonen har vore å undersøkje i kva grad føretaka har teke i bruk metodikken avansert oppgåveplanlegging, og korleis dei oppfyller dei regionale måla for gjennomføring og oppfølging. Det har òg låge i prosjektet å vurdere årsaker til eventuell manglande måloppnåing, og kva konsekvensar det kan ha for mellom anna gjennomføring av andre forbetningsprosjekt under Alle møter-paraplyen.

Revisjonen viser at føretaka sjølve rapporterer at nær sagt alle einingar har tatt i bruk AOP. Vi ser samstundes at faktisk bruk varierer mykje både mellom og internt i føretaka. Målet i

styringsdokument 2018 om at planleggingshorisonten for alle einingar til ein kvar tid skal vere mellom 6 og 9 månader, ser ikkje ut til å ville bli oppfylt i overskodeleg framtid. Det aukar risikoen for ikkje å lukkast med dei store ambisjonane som ligg i Alle møter-programmet.

Hovudkonklusjonen i denne revisjonsrapporten er at målet i styringsdokument 2018 om at planleggingshorisonten for alle einingar til ein kvar tid skal vere mellom 6 og 9 månader, ikkje ser ut til å ville bli oppfylt i overskodeleg framtid. Det aukar risikoen for ikkje å lukkast med dei store ambisjonane som ligg i Alle møter-programmet.

Tilrådinga er at alle føretaka intensiverer arbeidet med å innfri styringskrava for Avansert oppgåveplanlegging.

Revisjonsutvalet behandla rapporten 4. februar 2019. Følgjande er tatt inn i protokollen:

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådinga i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Rapporten er sendt dei reviderte helseføretaka (Førde, Bergen, Fonna, Stavanger og RHF) med oppmoding om å lage handlingsplanar og leggje desse og rapporten fram for føretaksstyra.

Hovudkonklusjonen i denne revisjonsrapporten er at målet i styringsdokument 2018 om at planleggingshorisonten for alle einingar til ein kvar tid skal vere mellom 6 og 9 månader, ikkje ser ut til å ville bli oppfylt i overskodeleg framtid.

Det aukar risikoen for ikkje å lukkast med dei store ambisjonane som ligg i Alle møter-programmet.

Tilrådinga frå Internrevisjonen er at alle føretaka intensiverer arbeidet med å innfri styringskrava for Avansert oppgåveplanlegging.

Styret peika på at denne rapporten må nyttast til systematisk og strukturert forbetningsarbeid i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til tilrådinga i rapporten og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Sak 029/19 Administrasjonen si oppfølging av revisjonsrapport om avansert oppgaveplanlegging

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest leverte i januar 2019 ein rapport om helseføretaka sin oppfølging av – og innføring av avansert oppgaveplanlegging. Formålet med revisjonen har vore å undersøkje i kva grad føretaka har teke i bruk metodikken avansert oppgaveplanlegging, og korleis dei oppfyller dei regionale måla for gjennomføring og oppfølging. Revisjonsprosjektet skulle også vurdere årsaker til eventuell manglande måloppnåing, og kva konsekvensar det kan ha for mellom anna gjennomføring av andre forbettringsprosjekt under Alle møter programmet. Rapporten blir lagt fram for styret i sak 028/19 (6. mars 2019).

Avansert oppgaveplanlegging og optimal timetildeling er ein etablert metodikk for betre planlegging for medarbeidarar, kunne nytte viktig fagleg kapasitet rett til dei rette oppgåvene og tildele timar til pasientar i tråd med metodikken i optimal timetildeling. Styret i Helse Vest har i fleire omgangar understreka at dei er opptatt av at administrasjonen forsterkar og understøtter dei prosessane og konkrete beslutningar som må til for å nå måla. Helse Vest har i periodar stilt kapasitet og kompetanse til rådvelde for å støtta toppleiarar og andre leiarar i deira arbeid.

Alle møter programmet har mange delprosjekt der ein nyttar teknologi på nye måtar, innfører nye IKT løysingar, legg til rette for organisasjonsutviklingsprosessar som må til for å realisere målformuleringar for Helse2035 og Regional utviklingsplan. Sjølv om det for nokre område tar lengre tid enn det burde, er det inga anna råd enn å forsterke fokus, bidra til høgare grad av gjennomføringsvilje og tilslutning i heile føretaksgruppa Helse Vest.

Vi vil fortsatt nytte erfaring og gode eksempel på tvers av helseføretaka for læring og inspirasjon, slik det og har blitt gjort i Alle møter programmet.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest slutta seg til administrerande direktør sine forslag til oppfølging av tiltaka som er foreslått frå administrasjonen og tiltak i Revisjonsrapport om avansert oppgaveplanlegging.

Sak 030/19 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 12.12.2019

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 12. desember 2018. I møtet blei årsrapport og revisjonsplan for internrevisjon og revisjonsutval behandla.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 4. februar 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 12.12.2018 til orientering.

Sak 031/19 Orientering frå Regionalt brukarutval

Oppsummering

Jan Oddvar Gjerde oppsummerte frå møte i regionalt brukarutval 20. februar.

Brukarutvalet har 5 nye medlemmer. I startfasen med nytt brukarutval er det fokus på opplæring, rolleforståing og fordeling av oppgåver.

13. mar blir det arrangert felles opplæringsdag for regionalt brukarutval og brukarutvala i HF-a.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 032/19 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 - Brev frå Helse Vest RHF til HOD, 030119 - Rapportering frå verksemda pr. november 2018
- Skriv 02 Møtereferat frå Regionalt brukarutval 300119

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 06.03.2019 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
-----------------	------------

Tone Berntsen Steinsvåg	Nestleiar
-------------------------	-----------

Katrine Trovik	Medlem
----------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Sett:

Sigurd Hille	Medlem
--------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Bente Sissel Pilskog	Medlem
----------------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
------------------------	--------

Bjørn Egil Vikse	Medlem
------------------	--------